

Marknadshagekurset i Vestland 2021 informasjon

Lokal småskalaproduksjon av grønsaker kan både vera enkelt og utfordrande å starte opp med. Bondens marknad lanserer no andre kursrunde med marknadshagekurs i Vestland fylke.



Kurset gir deg oppstartskunnskap om både marknadsarbeid og produksjon av grønsaker for sal på Bondens marknad, REKO, og eigne gardsutsal. Kurset byr på:

- Ei trygg innføring grønsaksdyrking frå rådgjevarar i NLR, ein god los inn i marknadsarbeid gjennom Bondens marknad og andre lokalmatekspertar i Vestland
- Ein god porsjon møter med bønder og gartnarar som med stor iver har starta og klekt kodene for å få til ein marknadshage.
- Tilleggsaktivitetar: Mange er framleis i oppstartsfasen og kurset sper på med studietur i samarbeid med Bjørnafjorden landbrukskontor, og markvandringar i sesong og fadderordningar.
- Kurset vil og dra nytte av erfaringar og samarbeid med Stadsbruk-prosjektet i Malmø. Les meir [her...](#)



Vil du førebu deg ekstra godt og er usikker på jordressursgrunnlaget på eigen gard, for å drive grønsaksdyrking, vil me sterkt råde deg til å delta på denne samlinga, den **24.sept: Jord og grøftedag retta mot grønsaksdyrking – Stend, Bergen.** [Program og påmelding.](#)

[Søknad og påmelding til Marknadshagekurset 2020](#)

Deltakaravgift: kr 2500,-, og i tillegg må du dekke overnatting og middagar på samlingane. Søknadsfrist er 1. november.

Kurset er open for 30 deltakarar som vil starte opp småskala grønsaksproduksjon for sal. Du treng ikkje å ha gard for å delta på kurset, men me må vite meir om din erfarings/utdanningsbakgrunn og motivasjon for å drive grønsaksproduksjon for sal. Dette er md andre ord ikkje eit kurs for hobbygartnarar eller folk som vil drive ein parsell eller sjølvbergingshage. Er du på jakt etter hobbykurs, så kontakt Bybonden i Bergen, Ida Kleppe.



Sett av denne datoen for inspirasjonssamling (kveld):

28. oktober – Bergen – kor du vil møte erfarne og nyoppstarta bønder og gartnarar som driv ein marknadshage eller småskala grønsaksproduksjon. Då får du også vite meir om kurset og mulege støtteordningar frå Innovasjon Norge. Samlinga er ope for alle.

Dersom du får plass på kurset (tilbakemelding 10. nov) er desse samlingane obligatoriske for deg:

- Kræsjkurs i Grønsaksdyrking (17.nov)
- Marknadshagekurs (2x2-dagarssamlingar med overnatting) .19.-20. januar + 16.-17. februar i 2021
- Entreprenørskapsdagane 9.-10. mars i 2021.



Alle aktivitetar med dato:

2020:

30. aug. Aurland, Mariannes kafe. Nettverkskveld – Marknadshage i lokalmatmarknaden

31. aug. Aurland, SJH. Markvandring SJH – og kompostdag

[Lenke til program og påmelding for begge dagane](#)

24. sept. Stend, Bergen. Jord og grøftedag for grøntprodusentar. [Program og påmelding.](#)

29. sept. WEBINAR – Markedsarbeid, prissetting og kommunikasjon. *Kveld.*

28. okt. Bergen/Voss. Inspirasjonssamling for marknadshagar i Vestland. *Kveld.*

1. nov. Søknadsfrist til Marknadshagekurset 2021 – Bondens marknad. [Søknad og påmelding.](#)

17. nov. Voss/Bergen. Kræsjkurs i grønsaksdyrking på Vestlandet. *Dagtid.**

2021:

[Markedshagekurset 2021:](#)

19.-20. januar – stadfesta dato, Hordaland*

16.-17. februar – stadfesta dato, Sogn og Fjordane*

9.-10.mars. Entreprenørskapsdagar for småskala grønsaksdyrkarar*

7.-11. april. Studietur nord-Tyskland – besøke marknadshagar i drift. Bjørnafjorden landbrukskontor er arr.

*Sjå noko meir detaljert program for alle datoane i denne lenken. Datoar med *betyr at det er obligatorisk for dei som har fått plass på marknadshagekurset 2021. Elles er kursa opne for alle, men dei som har teke marknadshagekurset 2020 eller har fått støtte frå Innovasjon Norge har fortrinnsrett på alle aktivitetane. Du kan ikkje delta på marknadshagekurset to gonger.*

[Følg med på facebook-gruppa Markedshager - Vestlandet](#)